

Klipp hekkar og busker

Trafikktryggleik også ditt ansvar

Bli med på ein dugnad for å unngå ulykker i ditt nærområde. Eig eller disponerer du ein eigedom med avkjørsle til veg eller gang- og sykkelveg? Då har du ansvar for å sørge for fri sikt ved di avkjørsle. (jf. Veglova §31 og §43).

God sikt er ein føresetnad for at du skal få auge på gåande og syklande som kryssar avkjørsla di. Ei temaanalyse av sykkelulykker viste at dårleg sikt var ein medverkande faktor i over 30 % av dødsulykkene på sykkel.



Foto: Dag A. Nordsvæen


Slik sørger du for fri sikt i avkjørsla di

Alternativ 1:

Høgdegrensene 0,5 meter

Alternativ 2:

Flytting av gjerde/hekk




Dersom avkjørsla di kryssar gang- og sykkelveg må høgde på hekk og gjerde ikkje overstige 0,5 meter over gateplan i frisisiktsona.

Klipp enten hekken din slik at den held seg under 0,5 meter (alternativ 1) eller flytt gjerde og/eller hekk utanfor frisisiktsona, merka med rosa farge (alternativ 2).

Det må vere 3 meter fri sikt inn i avkjørsla.

Det betyr at når du står 3 meter inn i avkjørsla di skal du kunne sjå midten av gang- og sykkelvegen 30 meter til kvar side.



Merk at frisisiktsona bør utvidast ut over 30 meter dersom gang- og sykkelvegen heller og syklistane held høg fart.



Dersom avkjørsla di munnar ut i vegen må høgde på hekk og gjerde ikkje overstige 0,5 meter over gateplan.

Hekk og gjerde kan også flyttast utanfor frisiktsona, merka med raud stipla strek.

Det må vere 4 meter fri sikt inn i avkjørsla. Det betyr at når du står 4 meter inn i avkjørsla di, skal du kunne sjå vegen 45 meter til kvar side dersom fartsgrensa er 50 km/t, og vidare aukar avstandane med farten slik figuren viser.



Dersom du har tre ut mot veg, fortau eller gang- og sykkelveg må ikkje greiner henge lågare enn 5 meter over vegbana.

Over fortau og gang- og sykkelveg må ikkje greiner henge lågare enn 3 meter.

Eigaren av trea er også ansvarleg for fjerning av greiner som dett ned.

Har du spørsmål?

Når du får denne informasjonen og les oppmodninga vår, så håpar vi at du gjennomfører nødvendig beskjæring slik at alle kan gå, sykle eller køyre trygt forbi din eigedom.

Ved spørsmål, ta kontakt med Statens vegvesen på tlf. 22 07 30 00 eller nyttegjør deg av skjemaet på vegvesen.no/kontakt

